

MAI 2018  
FORUM ARKITEKTER AS

# SOLHALL BARNEHAGE

FUNKSJONSBESKRIVING OG KRAVSPESIFIKASJON RIV/RIE





MAI 2018  
FORUM ARKITEKTER AS

# SOLHALL BARNEHAGE

FUNKSJONSBESKRIVING OG KRAVSSPESIFIKASJON RIV/RIE

OPPDRAGSNR.

A090989

DOKUMENTNR.

RAP-RIV/RIE-001

VERSJON

2

UTGIVELSES DATO

08.05.2018

BESKRIVELSE

UTARBEIDET

ERNY

KONTROLLERT

HESN/EALI

GODKJENT

ERNY



# INNHALD

Innleiing	7
Oppdragets basis.	9
Gjeldande standardar	9
Grunnlag for prosjektering	9
VVS-tekniske anlegg	10
Elektro-tekniske anlegg	34
Tele- og automatiseringsinstallasjoner	41
Vedlegg	45



## Innleiing

I samband med ombygging og renovasjon av Solhall barnehage har COWI AS utarbeida ei funksjonsbeskriving for faga VVS-teknikk og elektroteknikk, RIV og RIE.

Dette dokumentet er ei komplett funksjonsbeskriving med kravsspesifikasjon utarbeida i forprosjekt som grunnlag for vidare prosjektering og anbudsunderlag for VVS og Elektro mot totalentreprise.

Identifikasjon av bygget:

<b>1 Byggets namn</b>	<b>2 Solhall barnehage</b>
3 <i>Kommune</i>	4 Radøy
5 <i>G.nr/Bnr.</i>	6 45/188
7 <i>Adresse</i>	8 Solhallvegen 2
9 <i>Postnr.</i>	10 5936
11 <i>Poststad</i>	12 Manger
13 <i>Byggeår</i>	14 1984

Bygget er ca. 3000 m<sup>2</sup> på eitt plan der prosjektets omfang utgjer 950 m<sup>2</sup>. Bygget har eitt plan med loft som er utnytta til tekniske føringar. Bygningen er delt inn i tre seksjonar og har tre ventilasjonsrom på loftet.

Bygget er overtatt av Radøy kommune januar 2018, før dette var bygget eigd av Helse Bergen HF som har brukt bygget til sjukeheim og helsebygning. Bygget er tatt i bruk til blant anna barnehage og skal oppgraderast i fleire fasar. Den austlege delen som er tatt i bruk skal drivast som barnehage under prosjektperiode 1 der midtre del av bygget skal renoverast.

### Omfang for Solhall 1


Arbeidsomfanget for Solhall 1 er avgrensa av areal vist på arkitektteikning under. Felleskjøkken er ikkje del av arbeidsomfanget for Solhall 1.

I tillegg er alt utandørs arbeid som er beskrive i dokumentet del av Solhall 1.

Oppgradering av bygget vert utført i to fasar. Fase 1 av prosjektet inkluderer midtre del av bygg som merka med Solhall 1 på teikning. Unntaket er felleskjøkken. Energisentral vert oppgradert som del av fase 1 og klargjort for integrering mot resten av bygget. Fase 2 er vist som Solhall 2. Teikninga er vedlagt dette dokumentet. Areal for Solhall 1 er ca. 950 m<sup>2</sup>. For Solhall 2 er dette ca. 700 m<sup>2</sup>.

Dette dokumentet omhandlar omfang for Solhall 1.

Ny energisentral for heile bygget er inkludert i Solhall 1. Heile bygget er estimert til areal på 3000 m<sup>2</sup>.





## Oppdragets basis.

Krava i TEK 17 vil gjelde for tiltaket sidan det er omfatta av plan- og bygningslovgjevning PBL § 20-1.

Vesentlig endring, vesentlig reparasjon av bygning eller varig bruksendring fører til at teknisk forskrift sine funksjonskrav og ytingskrav skal ligge til grunn for prosjektering og utføring av tiltaket.

## Gjeldande standardar

For luftbehandlingsanlegg gjeld Arbeidstilsynets vegleiing nr. 444 "Klima og luftkvalitet på arbeidsplassen".

Krav til maks tillate lydnivå frå felles tekniske installasjonar er beskrive i NS 8175, gjeldande er min. kl. C.

Prosedyre for driftssetting og prøvedrift for tekniske installasjonar skal følge NS 6450:2016.

NS 3420 skal ligge til grunn for beskriving.

Merking skal vere utført etter Statsbygg sitt tverrfaglige merkesystem.

## Grunnlag for prosjektering

Prosjektering og planlegging av tiltaket er basert på dette underlaget:

- > Skisse fra Forum Arkitekter AS, Solhall barnehage Plan, teikning nr. 3001.
- > Brannkonsept frå Konsept AS, revisjon 1 datert 12.03.18.
- > Tilstandsrapport utarbeida av COWI AS
- > Møter med Forum Arkitekter.

## VVS-tekniske anlegg

### **300 VVS-installasjonar generelt**

Funksjonsbeskriving for VVS-tekniske anlegg må sjåast i samanheng med generell del av konkurransegrunnlaget med eventuelle overordna krav og føresetnader.

Det skal leverast komplette og funksjonelle VVS-tekniske anlegg og utstyr.

### **KRAV TIL PROSJEKTERING OG DIMENSJONERINGSKRITERIER**

Entreprenøren er ansvarlig for prosjektering og kontroll av prosjektering. Prosjektering skal innehalde nødvendige utrekningar som dokumenterer at levert anlegg tilfredsstillar krav som er stilt. Nødvendig prosjektering for bygnings- og elektrotekniske hjelpearbeider, samt utarbeiding av nødvendige oppgåver til andre tekniske underentreprenørar skal inkluderas. Prosjektering for VVS-anlegga skal koordineras mot prosjektering for andre fag.

Klima- og komfortkrav skal oppfyllast ved samordna prosjektering og utføring av ulike tekniske anlegg, samt byggets konstruktive og arkitektoniske utforming. Dersom det etter tilbydars oppfatning er manglande opplysningar i underlag for å gi en komplett pris, skal entreprenør opplyse om dette innan pris på anlegget vert gitt.

### **Merking**

Alle rør, kanalar og utstyr skal merkes etter Statsbyggs Tverrfaglig Merkesystem.

Tekst og nummer på rør og komponentar skal stemme med teikningar og skjema. Merking av komponentar som er skjult over himling e.l., skal ha graverte skilt på synlig stad.

## Inneklima

I tabell 1 er det satt opp krav til termisk inneklima for forskjellige typer rom. For parameter i tabell 1 vil definisjoner i Sintef Byggforsk Byggedetaljblad 421.501 og 421.505 leggjast til grunn ved etterkontroll.

ROMTYPE	OPERATIV TEMPERATUR		LUFT-HASTIGHET		KOMMENTAR
	Min °C	Maks °C	Maks vinter m/s	Maks sommar m/s	
<b>KONTOR-FUNKSJONER</b>					
Kontorer, Arbeidsrom, Baserom	20	26	0,15	0,20	Behov styring, CO <sub>2</sub> og temperatur, tilstedeværelse
<b>FELLESROM</b>					
Møterom	20	26	0,18	0,20	Behov styring CO <sub>2</sub> og temperatur
Korridor	20	26	0,20	0,20	Konstant luftmengde
WC	20	26			Konstant luftmengde
<b>DRIFT OG VEDLIKEHOLD</b>					
Lager	18	26			Konstant luftmengde
Tekniske rom	15	30			Konstant luftmengde

Tabell 1 - Klimakrav

Termisk inneklima skal ligge innanfor spesifiserte verdier når ute tilstanden ligg mellom dimensjonerande ute tilstand om vinteren og dimensjonerande ute tilstand om sommaren.

Dimensjoneringskriterier:

Dim. temperatur sommar: 25 °C  
 Relativ fuktighet sommar: 65 %  
 Dim. temperatur vinter: -12 °C

Kravet til operativ temperatur gjeld i område som er definert som opphaldssone etter Sintef Byggforsk Byggedetaljblad 421.501.

## Energi

Entreprenør skal utføre eigen energiutrekning med sine valde løysingar for bygget. Entreprenør er ansvarlig for at gjeldande forskriftskrav innan energi vert tilfredsstilt, og skal evaluere valt løysing mot krav gitt i forskrift.

Avvik frå forskrift kan vere aktuelt for eksisterande bygg og skal avklarast med byggherre.

Entreprenør skal utføre energimerking og registrering av oppnådd energimerke i Energimerkesystemet.

## **DOKUMENTASJON/FDV/OPPLÆRING**

Følgande dokumentasjon for VVS-tekniske arbeider skal leverast:

Dokumentasjon under prosjekteringsfase:

- Luftbehandlingsanlegg og røyranlegg teiknast på separate teikningar med målestokk 1:50. Detaljer 1:20.
- 3D-modell i Revit
- Systemskjema med funksjonsbeskriving og funksjonstabell
- Varmebehovsutrekningar/kjølebehovsutrekningar
- Lydutrekning for klimasystemet, samt utrekna lydnivå til omgjevnader
- Utrekningar for kanalnett og røyrrnett, inkl. trykkfallsutrekningar og nødvendig pumpe-/viftetrykk.
- Utrekning av luftmengder.
- Utrekning av vassmengder, spillvassmengder med tilhøyrande dimensjonering av røyr etter krav i forskrift.
- Energi- og effektbudsjett.

Dokumentasjon i byggeperioden

- Tettleiksprøving av kanalnett og røyr
- Reinheit i kanalar og utstyr. Fotodokumentasjon av kanalar innvendig. Ref. TEK 17 §13-16 Overflater skal vere frie for synleg støv og feitt.

Dokumentasjon før ferdigsynfaring

- Innreguleringsprotokoll for ventilasjon- og røyranlegg
- Lydmålingar
- Igangkøyringsprotokoll for automatikk
- Igangkøyringsprotokoll for varmepumpe
- Protokoll for funksjonstestar
- Drifts- og vedlikehaldsinstrukser
- Reinhet

- Energimerke, inkl. innlasting i Energimerkesystemet

Dokumentasjon før overtaking

- Teikningssett "som bygd", i PDF-, Revit- og papirformat.

### **FDV-instruks**

Det skal utarbeidast FDV-instruks for VVS-anlegget. Denne er en viktig del av leveransen og er underlagt same krav til framdrift og ferdigstilling som andre produkt. FDV-instruks skal vere angitt i entreprenørens framdriftsplan.

Drift og vedlikehaldsinstruksane skal ha følgande innhald:

#### **1. ORIENTERING**

1.1 Orientering om prosjektet inklusive føresetnadar og kravspesifikasjon for dimensjonering av tekniske anlegg.

1.2 Orientering om driftsinstruksens oppbygging.

#### **2. ADRESSE OG TELEFONLISTE**

2.1 Adresse- og telefonliste for byggherre, driftsorganisasjon, planleggarar samt entreprenører og leverandører som er relevante for anlegga som instruksen omhandlar.

#### **3. DRIFTS- OG SYSTEMINFORMASJON**

3.1 Generell informasjon om drift, system og kapasitet.

3.2 Systemskjema med funksjonsbeskriving og funksjonstabellar

3.3 Betjeningsinstrukser

#### **4. TILSYN OG VEDLIKEHOLD**

4.1 Detaljinstrukser for generelt tilsyn, vedlikehald, reinhald samt for viktige komponentar.

4.2 Feilmeldingar og kontroll ved driftsproblem, feilsøkingsskjema.

4.3 Tilsyns- og vedlikehaldsprotokoll

4.4 Reparasjons- og kvitteringskort

#### **5. MÅLEPROTOKOLLER**

5.1 Innreguleringsprotokoller, igangkøyrings protokoll for automatikk/SD-anlegg, lydmålingar, funksjonstestar.

5.2 Dokumentasjon frå kvalitetssikringen og sjekkpunkter som er utført av entreprenøren undervegs i prosjektet slik som trykkprøvekontroller, mottakskontroll, inspeksjon før innbygging etc.

## 6. MATERIALSPESIFIKASJONER

6.1 Brosjyremateriell. Dersom samlebrosjyre blir brukt skal aktuelt produkt være spesielt merket.

6.2 Utfyllande spesifikasjon av produkt som komplette datautskrifter med utrekna verdier for temperatur, verknadsgrad, vassmengder, luftmengder og trykkfall for endelig utføring.

## 7. TEIKNINGAR

7.1 Alle teikningar som er relevant for anlegga som instruksjonen omfattar (som bygd).

7.2 Koplings skjema og tavleskjema.

## 8. SIKKERHEITSKOPI

8.1 Elektronisk kopi av driftsinstruks.

Komplett dokumentasjonsdel inklusive målerapportar skal føreligge ved ferdigmelding.

Bruksrettleiing skal være hengt opp i teknisk rom ved ferdigmelding.

## **Opplæring**

I samband med driftsinstruks skal entreprenøren gjennomføre opplæringsopplegg for driftspersonell i drift og vedlikehald av alle anlegg. Dette for å sikre økonomisk og forsvarlig drift av anlegga. Byggherren bestemmer tidspunkt og omfang for opplæringa.

## **PROSEDYRE FOR PROSJEKTAVSLUTNING**

Prosedyre for driftssetting og prøvedrift for tekniske installasjonar skal utførast som beskrive under. Alle testar, prosedyrar o.l. skal følge NS6450:2016.

Etter at detaljprosjektering er fullført skal entreprenøren sende forslag til testprosedyrer innan to veker. Følgande testar skal utførast (definisjonar i parentes er etter NS6450:2016):

- > Funksjonstest av alle tekniske anlegg. Test av system på byggeplass med tilkople relevant utstyr som dokumenterer om tekniske ytingar er etter krava.
- > Integrerte testar (test av samspelet mellom to eller fleire tekniske system som dokumenterer om desse fungerer på tvers av system og entreprise) for varmpumpeanlegg, varmedistribusjonsanlegg, kjøledistribusjonsanlegg, oppvarming av tappevatn, ventilasjonsanlegg, brannalarmanlegg, dørmiljø, SD-anlegg.
- > Fullskalatest for sikkerheit (test av brann- og rømmingssikkerheit for heile eller større delar av bygningen, med simulering av ordinær drift) og teknikk (test av alle tekniske system for heile eller større delar av bygningen, med simulering av ordinær drift).

På bakgrunn av entreprenørens forslag og byggherrens innspel skal det utarbeidast omforente testprosedyrer. Testprosedyrane skal innehalde (jf. NS6450:2016):

- > Testens hensikt
- > Testprosedyre, med detaljert beskriving av testgjennomføring
- > Referansar til kravspesifikasjon
- > Starttidspunkt (klokkeslett/dato), antatt varighet og deltakarar

Det skal være ein person hos entreprenør som har ansvaret for tverrfaglig koordinering.

Det skal utarbeidast testrapporter for alle gjennomførte testar, som oversendast byggherren innan fem dagar etter gjennomført test.

Etter at testane er ferdig utført og anlegget er funnet å være utan feil, skal entreprenøren skriftlig informere byggherren. FDV-dokumentasjon overleverast byggherreorganisasjonen. Det er da klart for SAT (Site acceptance test), som betyr at dei integrerte testane vert gjennomført på nytt, med byggherren til stade. SAT skal ikkje starte før FDV-dokumentasjonen og ferdig utfylte testrapporter er overlevert og godkjent av byggherreorganisasjonen.

SAT vert innleia med at entreprenøren gjennomfører ein teoretisk presentasjon av anlegget. Deltakarane ved SAT er byggherreorganisasjonen og driftspersonale. Den teoretiske gjennomgangen er også første del av opplæringa av driftspersonalet. FDV-dokumentasjonen skal brukast under presentasjonen.

Etter den teoretiske gjennomgangen, skal den praktiske delen av SAT gjennomførast. Entreprenøren utfører testen, medan byggherreorganisasjonen observerer. Det skal leverast eigen rapport for SAT, og deltakarane på byggherresida og entreprenørsida skal signere rapportskjemaet. SAT skal godkjennast av byggherreorganisasjonen. Eventuelle manglar skal framkomme av rapporten.

Ferdigsynfaring er ei visuell synfaring av anlegget. Eventuelle synlige manglar noterast ved SAT, og skal sjekkast ut på ferdigsynfaringa.

Prøvedrifta starter ved godkjent SAT. Prøvedrifta skal ha varigheit på 12 månader. Entreprenøren har driftsansvar under prøvedrifta. Byggherrens driftsfolk har det daglige tilsyn, og skal melde frå til entreprenør ved avvik. Entreprenøren skal da rykke ut, og skal stille på staden innan 24 timer. Byggherrens driftspersonale skal ikkje gjere inngrep i anlegget under prøvedrifta utan avtale med entreprenør. Dersom det ikkje oppstår avvik, skal entreprenøren besøke anlegget minimum kvar 4. veke. Ved start av prøvedrift skal det utarbeidast omforent besøksplan. Besøka skal vere en del av opplæringa av driftspersonalet, som skal delta ved besøka.

Totalentreprenør har rett til å ta deler av anlegga ut av drift i korte periodar for å utbetre feil eller justere anlegga.

Dersom byggherren kan påvise vesentlige avvik frå kontraktens funksjonskrav dei siste 4 vekene av prøvedriftsperioden, skal denne forlengast inntil disse krava er oppfylt, og anlegga fungerer stabilt.

Anlegga blir overtatt av byggherren ved prøvedriftas slutt. Garantitiden begynner da å gjelde.

### **310 Sanitærinstallasjonar**

#### **311 Botnleidningar for sanitærinstallasjonar**

Vurdering av tilstand ut i frå generell levetid tilseier at avløpsrøyr under bygget har oppnådd sin tekniske levealder om det vert føresett vidare sikker drift. Røyra kan ha fleire års brukstid igjen, men når bygget elles vert oppgradert må ein forvente at det skal vare i 30 år.

Det skal utførast spyling og videoinspeksjon av alle botnleidningar for areal i Solhall 1. Rapport frå arbeidet skal innehalde anbefalingar for vidare tiltak som røyrfornying der det er behov for det.

#### **312 Leidningsnett for sanitærinstallasjonar**

Riving/demontering:

Røyr i sanitæranlegg for kaldtvatn og varmtvatn sirkulasjonsanlegg i alle delar av bygget som omfattast av rehabilitering Solhall 1 skal rivast.



Det skal sikrast tilgjengelig vassforsyning, varmt og kaldt vatn samt avlaup til delar av bygget som ikkje er omfatta av ombyggingsarbeidet. Tidsrom for avstenging skal minimerast og naudsynt stenging skal avtalast med byggherre før iverksetting av tiltak.

Lufterøyr kan nyttast vidare der desse er i god stand.

Nytt:

Vatn og avløpsleidningar skal leggest slik at dei tilfredsstillar dei offentlege krav og pålegg som er gjevne. Det skal brukast material som tek omsyn til dei funksjonar røyra skal ha med tanke på lyd, mekanisk styrke, korrosjon, utsjånad etc. Røyr leggest i samsvar med gjeldande NS-standardar.

Røyropplegg skal leggest som skjult anlegg etter prinsippet "røyr i røyr" med tilhøyrande fordelarskap. Alle røyr som leggest skjult skal trykkprøvast, om nødvendig seksjonsvis. Innstøypte koplingar aksepterast ikkje og boksar skal ha forskriftsmessig membran. Gjennomføringar i vegg og dekk skal beskyttast mot korrosjon og ha høve for ekspansjon.

Nye toalettrom er stort sett plassert der det er eksisterande toalett og leidningsnett.

Det skal etablerast utandørs bod sør for bygget med toalett og vask. Dette fører med seg behov for å tilknytte vatn og avlaup.

Det krevjast at arbeid i våtrom planleggast og utførast etter Byggebransjens våtromsnorm BVN av BVN-godkjente fagarbeidarar.

### **314 Armatur for sanitærinstallasjonar**

Anlegget skal byggast opp slik at det kan stengast av hensiktsmessig med tanke på reparasjonar. Framfor armaturar/sanitærutstyr skal det monterast stengeventilar.

I energisentral er det på grunn av alder på eksisterande utstyr behov for nytt inntaksfilter, reduksjonsventil med manometer og mengdemålar for vatn. Forbruk skal kunne lesast via SD-anlegg.

### **315 Utstyr for sanitærinstallasjonar**

Det skal nyttast sanitærutstyr av anerkjent fabrikat, der reservedelar, service og liknande vil vere tilgjengeleg. Nødvendig utstyr skal takast med i samsvar med arkitekten sine teikningar. Utstyr i område for rehabilitering skal vere nytt.

Innreiing i garderobar, toalett etc. skal avklarast med arkitekt.

### **Sluk**

Sluk i dusjrom skal vere tilpassa val av golvtype.

Det skal etablerast sluk i ventilasjonsrom på loft. Ventilasjonsrom er plassert over rom med sanitærinstallasjonar, som bøttekott og WC. Trapp er vist på teikning frå arkitekt.

### **Servant, komplett**

Det skal nyttast servantar av anerkjent fabrikat. På servantar monterast eittgreps blandebatteri. Alle røyrtilkoplingar skal vere skjult. HC-servantar skal ha eittgreps blandebatteri med forlenga hendel.

Servantane som skal nyttast av borna bør ha tilpassa høgde.

### **Klosett, komplett**

Det skal nyttast klosett av anerkjent fabrikat. Klosetta skal vere vegghengte og ha innebygd sisterne og veggforsterking/stativ. Det skal takast med naudsynt lekkasjesikring der forskriftene krev det. Alle klosett skal leverast med sete og lokk og vere utstyrt for to spylemengder. Alle røyrtilkoplingar skal vere skjult. Klosetta som skal nyttast av borna bør ha tilpassa høgde. HC-klosett skal vere utstyrt med armstøtter på begge sider, som skal vere festa i veggen.

### **Dusjutstyr**

Det skal leverast termostatisk blandebatteri med eit maksimalt forbruk på 9 l/minutt. Dusjpanelet skal vere komplett med dusjhovud.

### **Energisentral/teknisk rom**

Varmtvassbeholdar, sirkulasjonspumper og alt tilhøyrande utstyr i teknisk rom skal skiftast ut med nytt utstyr.

Det skal installerast ny sirkulasjonspumpe for varmt vatn. Alle nye pumper skal kunne kommunisere mot SD-anlegg via bus.

### **316 Isolasjon av sanitærinstallasjonar**

Trykkprøving, tettleiksprøving og reingjering skal utførast før isolasjon leggst på. Isolasjonen avsluttast med solide mansjettar. Kondensisolering skal utførast med diffusjonstette skøyter og avslutningar.

Byggeforskrifta sine krav til isolering og krav til brannisolering skal oppfyllest.

### **320 Varme , generelt**

Varmesystemet i bygget er basert på vassboren varme til ventilasjonsbatteri (65°C) forsynt av elektrisk kjel i fyrrom. El-kjel forsyner også oppvarma vatn (80 °C) til behaldar for varmt tappevatn. Oppvarming av rom er dekket av elektriske panelomnar og elektrisk varmekablar i enkelte golv. Det er i tillegg installert peis i stove i midtre fløy.

Det er ikkje SD-anlegg som er knytt opp til teknisk utstyr i dag.

Fyrrommet skal byggast om til ny energisentral for å møte krav i teknisk forskrift, TEK 17. Dette inneber at det skal installerast vassboren varme til romoppvarming i tillegg til ny eksisterande kurs for ventilasjonsvarme. I utgangspunktet skal heile fyrrommet byggast om til ny energisentral.

Den nye energisentralen skal dekke varmebehov og kjølebehov for heile bygget. Solhall 1, Solhall 2 og vestfløy, totalt estimert 3000 m<sup>2</sup>.

Arbeidsomfanget inkluderer komplett varmesystem for radiatorer for Solhall 1. Samlestokk i energisentral skal vere klargjort for framtidig radiatorkursar for Solhall 2 og vestfløy.

Ventilasjonsvarmekurs skal installerast med nytt utstyr i energisentral og tilkopling mot eksisterande kursar for Solhall 1, Solhall 2 og Vestfløy.

Det skal takast omsyn til at delar av bygget utanfor prosjektomfanget skal ha tilgang på varmt vatn under ombyggingsarbeidet. Det skal og leggast til rette for å kunne nytte varmt vatn til ventilasjonsbatteri i denne perioden. Arbeidet skal planleggast slik at stenging av eksisterande varmesystem vert minimalt.

Dagens fyrrom er i minste laget for å dekke areal for nytt utstyr i energisentral. Energisentral skal utvidast mot sør og inkludere dagens vaktmeisterkontor.

### **322 Leidningsnett for varmeinstallasjonar**

Eksisterande leidningsnett på loft for ventilasjonsvarme kan gjenbrukast. Tilkopling til ny shunt i ventilasjonsrom Solhall 1 og alt røyrnett i energisentral skal skiftast ut med nytt.

Det skal leggast opp ny kurs for vassboren varme for romoppvarming. Kursen vert lagt opp til loft frå energisentral og fram til forbrukssoner der avgreining vert ført ned til fordelarskåp i eigna rom. Røyr til einssilde rom kan distribuerast via himling.

I energisentral (fyrrom) skal alt av røyr rivast og nytt leidningsnett skal monterast tilpassa nytt utstyr i sentral.

### **324 Armatur for varmeinstallasjonar**

Armatur skal skiftast ut i energisentral og i ventilasjonsrom.

### **325 Utstyr for varmeinstallasjonar**

Elektrisk kjel PARCA EL 300 er antatt å vere frå byggeår og dermed oppnådd normal teknisk levetid. Kjelen skal erstattast med ny kjel for reserve og spisslast.


Det er installert ein oljekjel på 260 kW i fyrrom som ikkje er i bruk. Denne skal demonterast. I tillegg skal alle røyr som eksempel oljerøyr og avgassrøyr rivast. Oljetanken er antatt gravd ned i bakken utanfor bygget, denne skal primært

fjernast. Alternativt skal den reingjerast og fyllast opp med massar. Løysinga skal vere godkjent av kommunen.

Utstyr som sirkulasjonspumper, aktuator for ventilar, energimålar og ein del instrumentering er frå byggeår og manglar moglegheit for oppkopling mot SD-anlegg. Alt utstyr i fyrrom skal rivast. Nytt utstyr skal vere integrert med BUS system for oppkopling mot SD-anlegg.

Det skal installerast ny varmepumpe for primærlast. COWI anbefaler varmepumpe basert på væske-vatn, med veksling mot bergvarme.

Entreprisen skal omfatte pris for væske-vatn varmepumpe med komplett system inkludert boring av energibrønner. Det kan etablerast energibrønner i området frå parkeringsplass mot skog nord for bygget.



Figur 1 Skisse av bygget og eigedom frå nettsida «seeiendom.no»

Varmepumpe er foreløpig utrekna til kapasitet på 75 kW. Det skal prisast inn minimum 10 energibrønner på 250 meter pr. stk.

Lyddata for varmepumpe skal vere oppgitt.

Varmepumpeanlegget skal prisast som komplett, funksjonelt anlegg med akkumuleringstankar og alt utstyr medtatt.

Varmepumper skal forvarme varmt forbruksvatn.

Elektrisk kjel med effekt 250 kW skal installerast som spisslast/reservelast.

Varmeanlegget skal dimensjonerast for vassstemperatur 50 °C

Radiatorkurs 50/40 °C

Ventilasjonsvarmekurs 50/30 °C

Styring skal skje via regulator +/- 3 °C i kvart rom.

Detaljert varmebehovsutrekning skal utførast i forbindelse med detaljprosjektering.

Alle komponentar i varmesystema skal vere tilpassa media dei skal vere i kontakt med. Det skal installerast alt naudsynt utstyr som nye filter og mikrobobleutskiller i det nye varmesystemet. Det skal leverast energimålar på hovudkurs, radiatorkurs og ventilasjonskurs.

Det skal leverast termiske energimålar med magnetisk induktiv volumstrømsmåler eller ultralydmåler av same nøyaktighetsklasse for registrering av levert termisk effekt og energi frå varmpumpeanlegget. Det skal også leverast energimåler/nettanalysator for registrering av tilført elektrisk effekt og energi til varmpumpa. Elektrisk effekt/energi, termisk effekt/energi samt temperaturar skal kunne lesast via SD-anlegget. Alle data skal loggast og presenterast i hensiktsmessige diagram.

Varmepumpeanlegget skal prisast som komplett, funksjonelt anlegg med akkumuleringstankar og alt utstyr medtatt.

Varmepumpe skal nytte vertikale energibrønner i fjell/berg som varmekjelde og varmesluk. Parallellkoplade energibrønner skal koplade saman med fordampar og varmevekslar mot kjølesystemet (isvatn) med eit lukka rørsystem med sirkulerande frostvæske. Krav til utforming og utstyr for brønnsystemet er beskrive under i kapittel 350.

Alle pumper skal leverast med integrert turtallsregulering og utrustning for optimalisering av driftstrykk. Hovudpumper for varmeanlegg og brønnsystem samt pumper på kondensatorside av varmpumpa for varmeleveranse til varmeanlegget skal være doble (ikkje tvillingpumper). Pumpene skal tilfredsstille nyaste krav gitt i EUs Økodesign-direktiv.

Varmepumpeanlegget skal utformast og driftast som eit kombinert varmpumpe- og kjøleanlegg. Mellom varmpumpas kondensator og varmeanlegget skal det installerast nødvendig akkumulatortank for å sikre konstant vassmengde gjennom kondensator ved varierende vassmengde i varmeanlegget. Viss ikkje varmpumpa har integrert kondensatorpumpe skal det installerast eiga pumpe mellom tanken og kondensatoren. Innkoplingspunktet for spisslastvarme og reservelast (el-kjel) skal plasserast i turleidning i varmeanlegget i serie etter akkumulatortanken.

Det skal byggast inn opplegg for å dumpe varme til energibrønnsystemet.

Kjølebehovet skal fortrinnsvis dekkast med frikjøling mot energibrønnane. Viss ikkje dette er tilstrekkelig skal aggregatet driftast som kjølemaskin (spisslast-kjøling). For å kunne avgi overskuddsvarmen (kondensatorvarmen) til energibrønnsystem skal det installerast dumpekrets med varmevekslar mellom varmesystemet og brønnsystemet. På brønnsida av varmevekslar skal det være røyrføring, pumpe og nødvendige avstengingsventilar mens det mot varmesystemet skal vere røyrføring og en trevegs reguleringsventil montert på returledning mellom akkumulator tank og kondensatoren.

Varmepumpe skal vere dimensjonert for å dekke minimum 90 % av årlig varmebehov for kontorbygget (grunnlast kjelde – romoppvarming og oppvarming av ventilasjonsluft) samt forvarming av varmtvatn i bygget.

Varmepumpeanleggets kompressorer skal kunne regulerast trinnlaust ned til 20 % av maks. nominell kapasitet.

Varmepumpeanlegget (aggregat) skal leverast ferdig internt kopla med ledningar og nødvendig automatikk og instrumentering, komplett levert med kuldemediefylling (arbeidsmedium) og olje, montasje, prøvekjøring og innregulering. Her reknast med komplett styretavle, ferdig internt kopla, med undersentral, betjeningsvendar og blindskjema i front. Tilbodet skal omfatte alt varmpumpe teknisk utstyr og all nødvendig automatikk for regulering og sikring av varmpumpa. På varmeopptakssida (fordamparsida) skal aggregata koplast til eit lukka rørsystem for varmeopptak frå kollektorslangar montert i vertikale energibrønner i fjell.

Varmepumpa skal vere utforma, installert og igangkøyrast med omsyn til anbefaling /krav i Norsk kulde- og varmpumpenorm.

Tilbydar må oppgi arealbehov for varmpumpesystemet/energisentralen.

Varmepumpeanlegget skal ha minimum energiklasse A+ etter EUs Økodesign-direktiv (ErP). Varmepumpa sin varmekapasitet og effektfaktor (COP) skal dokumenterast etter Eurovent eller EUs Økodesign-direktiv ved følgande temperaturar der første temperatur er inngåande frostvæsketemperatur i fordampar og andre temperatur er utgåande vasstemperatur frå kondensatoren: 0/30 °C, 0/40 °C, 0/50 °C, 10/45 °C. COP ved 50 % dellast og lågaste dellast ved 0/35 °C skal også vere dokumentert. Utgåande vasstemperatur frå kondensatoren skal kunne nå minst 60 °C ved 0 °C inngåande frostvæsketemperatur i fordampar.

Varmepumpa (aggregat) skal leverast i støydempa kabinet, og skal ha nødvendig støydemping (vibrasjonsdemping) for kompressorer i kabinettet og frå aggregatet mot golv. Det må inkluderast vibrasjonsdemping ved bruk av fleksible kompensatorar mellom aggregat til røyranlegg på varm og kald side.

Følgande tekniske data for tilbode utstyr skal oppgis:

## **VARMPUMPEANLEGG FOR OPPVARMING**

**Varmepumpeaggregat**

Fabrikat/type: \_\_\_\_\_

Utvendig mål: \_\_\_\_\_

Vekt: \_\_\_\_\_

**Kuldemedium/arbeidsmedium**

Type: \_\_\_\_\_

Fyllingsmengde per aggregat: \_\_\_\_\_

**Kompressor(er)**

Type: \_\_\_\_\_

Fabrikat: \_\_\_\_\_

Antall: \_\_\_\_\_

Kapasitetsregulering  
(metode, antall trinn): \_\_\_\_\_

Merkeeffekt: \_\_\_\_\_

**Kondensator**

Type: \_\_\_\_\_

Fabrikat: \_\_\_\_\_

**Fordamper**

Type: \_\_\_\_\_

Fabrikat: \_\_\_\_\_

**Væskereguleringssystem**

Ekspansjonsventil: \_\_\_\_\_

Fabrikat/type: \_\_\_\_\_

**I tillegg oppgis følgende data**Maks. utgående vanntemp. fra kondensator  
ved 0 °C inngående frostvæsketemperatur: \_\_\_\_\_Videre oppgis alle andre tekniske opplysninger som har betydning for vurdering  
av tilbudet.**Varmepumpeanleggets varme-/kjøleytelse og effektbehov**

Det skal angis følgende data ved dimensjonerende forhold:

1. Avgitt varmeytelse fra varmepumpen: \_\_\_\_\_ kW
2. Fordamperytelse: \_\_\_\_\_ kW
3. Effekt tilført kompressormotor(er): \_\_\_\_\_ kW
4. Temperaturprogram i kondensator ved oppgitt varmeytelse:
  - kondenseringstemperatur: \_\_\_\_\_ °C
  - vanntemperatur inn/ut: \_\_\_\_\_ °C
5. Sirkulert vannmengde gjennom kondensator:  
\_\_\_\_\_ kg/s
6. Temperaturprogram i fordamper ved oppgitt kjøleytelse: -
  - fordampningstemperatur: \_\_\_\_\_ °C
  - vanntemperatur inn/ut: \_\_\_\_\_ °C
7. Effektfaktor (COP) beregnet som forholdet  
  
mellom pkt. 1 og pkt.3: \_\_\_\_\_ (-)

Disse oppgitte data inngår som garantigrunnlag for varmepumpeanlegget.



Varmeanlegget utstyres med ekspansjonsanlegg etter NS 12828. Ekspansjonsanlegget skal leverast med automatisk trykkvedlikehald, påfylling og vakuumlufing, med kommunikasjon mot SD-anlegg. Utstyr skal vere tilpassa anleggets medium, vassvolum og driftsføresetningar (mengde, temperatur, driftstrykk). Det skal reknast med mikrobobleutskiljar i teknisk rom. Varmeanlegget utstyres med filter med magnetittutskiljar og vassbehandlingsanlegg.

### **326 Isolasjon for varmeinstallasjonar**

Ny kurs for radiatorvarme skal isolerast med mineralull etter dagens krav tilpassa kaldt loft. Alle nye røyr i energisentral skal isolerast og påførast mantel.

### **329 STYRING, REGULERING OG OVERVÅKNING**

All styring, regulering og overvaking av funksjoner i varmeanlegget skal skje frå byggets sentrale driftskontrollanlegg, SD. Det skal inkluderast montering av alt automatikkutstyr. Sjå også beskriving i kapittel for RIE.

Varmeyting for varmepumpeanlegg skal regulerast etter utetemperatur-kompenseringskurve (reguleringskurve), som gir settpunkt for turvasstemperaturen som funksjon av utetemperaturen. Varmepumpeanlegget skal brukast som grunnlast til oppvarming, og om det ikkje er feil på anlegget skal det alltid gå på full kapasitet før spisslast tillates å kople inn.

Varmepumpeanlegg skal også kunne nyttast til spisslastkjøling når frikjøling mot energibrønner ikkje er tilstrekkelig til å dekke kjølebehovet. Aggregatets kjøleyting (kompressorkapasiteten) regulerast ut frå ønska turvasstemperatur i kjølekretsen (isvatn). Overskuddsvarmen (kondensatorvarmen) blir avgitt til brønnsystemet via eigen varmevekslar (dumpekrets). Alt dette skal kunne styrast via SD-anlegg.

Utgåande vassstemperatur frå kondensatoren vert regulert med ein trevegs ventil og skal maks. være 35 °C i overordna kjøle drift, mens maks. utgåande frostvæsketemperatur frå varmevekslaren til brønnsystemet (dumpevarmevekslaren) skal være 25 °C.

Varmepumpeanlegget skal ha BUS-kommunikasjon mot SD-anlegget. Settpunkt-temperaturen for varmepumpa skal kunne regulerast frå SD-anlegget. Drifts- og feilsignal, samt alle relevante data for varmepumpas driftstilstand skal visast i SD-anlegget. Anleggets varmeyting og effektfaktor (COP) skal visast på skjermbildet og loggast.

### **330 Brannslukking generelt**

For brannstrategi blir det vist til eige dokument frå Konsepta AS.

### **331 Installasjon for manuell brannslukking med vatn**

Det er installert brannslangar i bygget. Brannslangar må skiftast ut med nye. Det må plasserast ut brannslangar slik at alle areal dekkast, med maksimalt slangeutlegg på 30 meter. Brannslangar skal være i samsvar med NS-EN 671-1:2012 Del 1: Slangetromler med formstabil slange og vere tydeleg markert med skilt på tvers av ferdselsretninga, fortrinnsvis etterlysande skilt (fotoluminiserande) eller belyst med nødllys.

### **332 Installasjon for brannslukking med sprinkler**

Det er ikkje installert sprinklersystem i bygget.

### **333 Installasjon for brannslukking med vasståke**

Det er ikkje installert vasståkeanlegg i bygget.

### **334 Installasjon for brannslukking med pulver**

Eksisterande pulverapparat bør kontrollerast og eventuelt skiftast ut om det er gammalt.

### **335 Installasjon for brannslukking med inertgass**

Det er ikkje installert inertgassanlegg i bygget.

### **350 Prosesskjøling generelt**

#### **351 Kjøleromssystem**

Eksisterande kjølemaskiner er prega av korrosjon og slitasje. Dette gjeld både for kjølerom og svalrom.

Kjølemaskiner har freon som arbeidsmedium. Freon er ikkje tillate å etterfylle og kjølemaskin skal demonterast av godkjent kjølemontør. Alt kjøleteknisk utstyr skal fjernast, samt røyr inn til kjølerom.

Det skal ikkje installerast nytt kjølerom i denne fasen.

#### **352 Fryseromssystem**

Eksisterande kjølemaskin skal demonterast av godkjent kjølemontør. Alt kjøleteknisk utstyr skal fjernast, samt røyr inn til fryserom. Det skal ikkje installerast nytt fryserom i denne fasen.

#### **359 BRØNNPARK**

Bergvarme skal nyttast som lavtemperatur varmekjelde for varmpumpeanlegget, og fordamparsida av varmpumpa skal koplast til brønnpark beståande av ca. 10 vertikale borehol (energibrønnar) i fjell. I kvart borehol skal det installerast kollektorslange (boreholsvarmevekslar), og kollektorslangane skal koplast i parallell til eit preisolert røyrssystem til/frå

fordelings- og samlestock og varmepumpa i energisentral. I rørsystemet skal det sirkulerast frostvæske som transporterer termisk energi mellom kollektorslangane (fjellet) og varmepumpeanlegget.

Kvar energibrønn skal vere på ca. 250 m (effektivt, vassfylt borehol), og boreholsdiameteren skal være ca. 140 mm. På grunn av overordna varmeuttak skal det vere minimum 15 meter avstand mellom to brønner. Energibrønnane skal tilpassast årlig energibehov til bygget. Gjennomsnittlig frostvæsketemperatur skal aldri underskride -2 °C ved maks. varmeeffektuttak om vinteren. Talet på energibrønner er som utgangspunkt sett til 10 stk., men skal dimensjonierast og dokumenterast med eigna programvare i detaljprosjekteringsfasen. F.eks. Earth Energy Designer (EED), og resultatet skal dokumenterast.

Det skal utførast termisk responstest av ein energibrønn for å fastslå dimensjoneringsfaktorer for effektiv varmeledningsevne og termisk boreholmotstand.

Brønnane skal borast vertikalt i fjell. Gjennom lausmasser skal det monterast fôringsrør jf. NS 3056, som skal gå ned minimum 2 meter i fast fjell – diameter 168,3 mm, gods 4,5 mm, stålkvalitet EN 10219 eller tilsvarende.

Entreprenør skal innhente nødvendige opplysningar. Det skal takast omsyn til eksisterande kablar, rørledningar osv. i området.

I forbindelse med boring skal borekaks, støv og slam som deponerast forskriftsmessig. System for handtering av dette skal beskrivast.

Det skal etablerast boreprotokoll følgande data som noterast for kvar energibrønn:

- > Dato for boring
- > Brøndiameter
- > Lengd på fôringsrør
- > Sprekker og vassinnslag
- > Grunnvassnivå
- > Posisjon for boreholet (GPS-måling)
- > Prøver av borekaks for kvar 50. meter

Brønner og rør skal målast inn, merkast av og teiknast opp.

Brønnboringarbeida skal meldast inn etter "FOR 1996-11-19 nr. 1066 – Forskrift om oppgaveplikt ved brønnboring og grunnundersøkingar, § 5". Kopi av melding sendes Byggherren. Meldinga kan utførast digitalt via app.

Boreholsvarmevekslar (kollektorslangane) skal vere turbulenskollektorer av type Muovitech eller tilsvarende kvalitet, og av dimensjon/kvalitet Ø 40x2,4, PN10, PE100, SDR17. Boreholsvarmevekslere skal ha integrert botnlodd/botnstykke, og vekta skal vere tilpassa boreholsdjupna og type frostvæske.

Før nedsenking i borehol skal alle kollektorslangar inspiserast for transportskader. Alle kollektorslangar skal trykkprøvast og vise absolutt tetthet. Protokoller for inspeksjon og trykkprøving skal føres og leggest ved FDV-instruksen.

Brønntopper i energibrønnane skal avsluttast med tett lok og eigna vern av røyrbend/brønntopp. Valt løysing for vern skal beskrivast. Det skal nyttast elektrosveisemuffer for alle overgangar mellom plastrøyr. Alt sveisearbeid skal dokumenterast etter gjeldande prosedyre.

I energisentral skal kvar kollektorslange ha avstengingsventil og reguleringsventil (strupeventil) for regulering av korrekt mengde væske. Sirkulert mengde frostvæske for tur-/returledning i sekundærsystemet og kollektorslangane skal dimensjonert etter temperaturdifferanse på ca. 3 °C mellom tur og retur (ca. 0,5 liter/s per kollektorslange i energibrønnane). Væskestraum i kollektor skal vere i område laminær og turbulent, det vil seie 0,5-0,65 l/s, og skal vere tilpassa kollektorvæska.

